Møre og Romsdal
fylkeskommune

# Bustadsanalyse for Møre og Romsdal

## Forventa bustadetterspørsel og nøkkeltal for bustadsektoren

September 2025



# Innhald

## Framskrive bustadbehov

- Metodeskildring
- Nøkkeltal for framtidig bustadbehov
- Dagens tilbod av ulike bustadar
- Framskrive etterspørsel etter ulike bustadar
- Framskrive bustadetterspørsel etter:
  - Areal
  - Aldersgrupper
  - Hushaldsamansetning
- Analyse av framtidig bustadbehov

- Geografisk fordeling av busetting
- Avstand busetting til tenestetilbod
- Busetting blant eldre

## Samfunnstrekk knytt til bustad og busetting

- Bustadmasse
- Flyttestraumar
- Hushaldas samansetning
- Bustadtypar
- Bustadstorleik
- Bustadbygging
- Bustadars lokasjon
- Bustadstatus for tettstadar
- Hushaldsinntekt
- Kjøpekraft

# 1

# Framskrive bustadbehov



# Modellering av framtidig bustadbehov

Panda analyse har utvikla ein modell for fylkeskommunane som gjer prognoser for framtidig bustadbehov og -etterspørsel basert på forventa demografisk utvikling

Første versjon blei lansert i mars 2025. Meir funksjonalitet kjem etter kvart. Sjå dokumentasjon.

## Modellens verkemåte

Etterspørsel drives av forventa befolkningsvekst, og befolkningas preferansar for ulike bustadstyper:

- ***Befolkningsvekst**: SSBs befolkningsframskriving, modellerer framtidige hushald gjennom hushaldsfrekvensar*
  ***Preferansar**: Modellen definerer ulike bustadpreferanseprofilar for ulike hushald, basert på dagens busettingsmønster. Profilane avhenger av tal på personar i hushaldinga, alder og kommunens sentralitet*
- ***Bustadbalanse**: Differanse mellom tal bustader av ulik type, og etterspørsel etter dei i prognoseperioden*

## NB!

Modellen tar ikkje høgde for bustadkvalitet, geografisk plassering i kommunen eller prisnivå. Den reknar alle bygningar registrert som bustad i matrikkelen som tilgjengelege i ein marknad.

Som i alle modellanalysar er resultata ein sum av innsatsfaktorar, og må tolkast og omarbeidast.

# Nøkkeltal, prognose for bustadbehov

| **Dagens bustadmasse** (med registrert areal) | **Etterspørsel 2025:** | **Etterspørsel 2050:** |
|---|---|---|
| **32 665** Små bustader (<80 m²) | **24 476** små bustader<br>**8 189** i overskot | **26 804** små bustader<br>**5 861** i overskot |
| **50 222** Middels bustader (80-159 m²) | **50 439** med. bustader<br>**217** i underskot | **55 844** med. bustader<br>**5 622** i underskot |
| **50 427** Store bustader (>160 m²) | **50 512** store bustader<br>**85** i underskot | **55 044** store bustader<br>**4 617** i underskot |

*Kjelde: SSB/Microdata/Panda analyse*

# Prognose for bustadetterspørsel etter storleik



# Prognose for bustadetterspørselsvekst etter storleik




Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB/Microdata/Panda analyse*

# Bustadbehov i Møre og Romsdal

- I Møre og Romsdal eksisterar det totalt **136 945** bustadar registrert i matrikkelen
  - Det omfattar alle bustadar, uavhengig av standard, faktisk bruk eller bebuarstatus

- Samla berekna etterspørsel etter bustadar i fylket er **125 427** i 2025. Mot 2050 er det forventa ein etterspørsel etter **ytterlegare 12 265 bustadar (+9,8 %)**

- På aggregert nivå er det forventa eit underskot av middels og store bustader, og eit overskot av små bustadar knytt til forventa etterspørsel. **Berekningane er gitt at dei ulike befolknings- og hushaldsgruppene bur på same måte som i dag. Overskot og underskot er berekna gitt at alle registrerte bustadar blir tatt i bruk/nyttast som bustad**
  - Klart størst etterspørselsauke etter middels store bustadar
  - Mot 2050 er etterspørselen berekna å vere større enn dagens tilbod av bustadar med storleik 80-249 $m^2$ areal. Dagens tilbod er større enn forventa framtidig etterspørsel for bustadar med areal over 250 $m^2$
  - Tilbodet er større enn etterspørselen etter dei aller minste bustadane. Merk at bustadmassen inkluderer institusjonsplassar og andre ikkje-private bustadtilbod som prognosane ikkje tar høgde for når det blir berekna etterspørsel mot samla bustadmasse

# Prognose for bustadetterspørsel blant hushald 67+ år*

Etterspørselsvekst 0-66 år: -3,8 %
Etterspørselsvekst 67+ år: **+41,8 %**




**tal gjeld alder på hushaldets kontaktperson, dvs. eiger og/eller eldste person i hushaldet*

*Kjelde: SSB/Microdata/Panda analyse*

# Aldersfordeling i hushalda sin bustadetterspørsel

*Andel av samla bustadetterspørsel fordelt på yngre- (0-66 år) og eldre (67+ år) hushald. Tal gjeld alder på hushaldets kontaktperson*




Yngre- (0-66 år) og eldre (67+ år) hushald si andel av totalt tal på etterspurde bustadar i Møre og Romsdal, 2025 og 2050




Endring i samla tal etterspurde bustadar blant yngre- (0-66 år) og eldre (67+ år) hushald i Møre og Romsdal, 2025-2050

# Hushaldsamansetning 2025 og 2050









*Kjelde: SSB/Microdata/Panda analyse*

# Framtidige hushald i Møre og Romsdal

- Mot 2050 er det forventa ein nedgang i samla tal yngre hushald (kontaktperson under 67 år) som etterspør bustad i Møre og Romsdal. **Eldre hushald si etterspørsel etter bustadar er samstundes forventa å auke kraftig (+41,7 %)**
  - Eldre hushald sin del av hushalda sin samla etterspørsel etter bustadar i Møre og Romsdal forventast å auke frå 29,8 % i 2025, til 38,5 % i 2050
  - I 2050 vil 3,8 % færre yngre hushald enn i dag etterspørre bustad i Møre og Romsdal

- **Dei eldre sine behov og preferansar for bustad vil bli langt viktigare enn i dag**
  - Det vil truleg gi endringar i kva for eksisterande bustadar som vil bli oppfatta som attraktive i marknaden, og i preferansar som må møtast ved nybygging

  Hushaldingane er forventa å bli mindre mot 2050. **Det aukar behovet for bustadar ut over kva den forventa folketalsutviklinga tilseier**
  - Ein forventar størst relativ vekst i enkelt- og to-personhushald mot 2050

# 2

# Samfunnstrekk knytt til bustad og busetting



# Møre og Romsdal har fleire bustadar enn hushald



Møre og Romsdal har i alt
**136 945** registrerte bustadar, og
**123 811** registrerte privathushald.

Det tyder på at **10 %** av bustadane er tomme eller ikkje heilårsbustad.

Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB tabell 09747/06513*

# Flytting til/frå Møre og Romsdal etter alder 2020–2024




Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB/Panda analyse*

# Største flyttestraumar til/frå Møre og Romsdal 2020-2024




**Flytting til**
**Møre og Romsdal**




**Flytting frå**
**Møre og Romsdal**







Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB tabell 06079*

# Hushald etter type (2024)




Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB tabell 06083*

# Personar i privathushald




Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB tabell 09747*

# Bustadar etter type (2025)






*Kjelde: SSB tabell 06513*

# Bustadar etter storleik (2025)




Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB tabell 06513*

# Fullførte bustadar etter type




Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB tabell 05940*

# Bustadplassering og tettstadar






*Kjelde: SSB tabell 11441*

# Arealbruk ved ny bustadbygging




Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB tabell 11441*

# Median hushaldsinntekt og kjøpekraft (2023)




**kr 3 427 652**

Gjennomsnittleg kjøpesum per bustadomsetnad

utgjer tal gonger årleg hushaldsinntekt per hushaldsgruppe:

**4,2 x**
Alle hushald

**7,5 x**
Einslege

**3,5 x**
Par utan barn

**2,5 x**
Par med barn

**5,2 x**
Einslege med barn

Møre og Romsdal

*Kjelde: SSB tabell 06944*

# Statistikk i din kommune og grunnkrets i interaktivt dashboard

## Innehald:

- Bustadareal
- Tal personar I bustadtype
- Bustadalder
- Demografi
- Tal boeiningar




[Klikk her for å opne kart]

# Diskusjonsnotat bustadpolitikk-2025

I tillegg til Pandamodellen og relevant statistikk har vi utarbeidt eit diskusjonsnotat med  oversikt over viktige tema med lenkjer til nyttig kunnskap og spørsmål som kan bidra til gode drøftingar.

Notatet finn du her:

2025-09_Diskusjonsnotat bustad.pdf

Møre og Romsdal

